

Tilskotsordninga ”Tilskot til ugraskontroll og velstelte bruk” er tatt ut av Regionalt miljøprogram i Rogaland

Tilskotsordninga ”Tilskot til ugraskontroll og velstelte bruk” blir frå og med søknadsomgangen i år, 2009, tatt ut av Regionalt miljøprogram.

Tilskotsordninga var ein del av forslag til revidert miljøprogram for Rogaland som vart sendt til Statens Landbruksforvaltning og avtalepartane for godkjenning i desember 2008. Tilbakemelding frå Statens Landbruksforvaltning, Noregs Bondelag og Norsk Bonde- og småbrukarlag var at denne tilskotsordninga ikkje er tilstrekkeleg retta mot eit spesifikt miljømål, og at ordninga i for stor grad framstår som eit generelt stimuleringsstilskot i jordbruksdrifta.

Tilskotsordninga omfattar to delar, tilskot til ugraskontroll og tilskot til å halde bruket fritt for avfall. Statens Landbruksforvaltning meinte at særleg den delen som gjaldt ugraskontroll, ikkje hadde klar nok miljøretting og bar preg av å vere eit stimuleringsstilskot. Fylkesmannen vart derfor bedt om å gjere ei nærare vurdering av ordninga, for å få ei betre miljøretting og klarare tildelingskriterier.

Ulike tilpassingar av tilskotsordninga er diskutert både i prosjektgruppa og styringsgruppa for arbeid med Regionalt miljøprogram. Rogaland Bondelag og Rogaland Bonde- og småbrukarlag har meint at ein skulle arbeide for å behalde tilskotsordninga som den er i dag, alternativt noko justert. Argumentet for dette er at tilskotsordninga i stor grad har vore med på å bevisstgjere landbruksnæringa om tema avfallshandtering og ugraskontroll. I tillegg har det vore lagt vekt på at Rogaland har store beiteareal samanlikna med ein del andre fylke. Ugras er først og fremst ei problem på beiteareal, og det ville derfor vere rimeleg å gi ein økonomisk stimulans til dei som legg ned eit stort arbeid for å halde beita fri for ugras.

På bakgrunn av tilbakemeldingane frå Statens Landbruksforvaltning, har styringsgruppa likevel kome til at det er rett å ta tilskotsordninga ”Tilskot til ugraskontroll og velstelte bruk” ut av Regionalt miljøprogram for Rogaland. Hovudårsaka for dette er at ein ikkje såg gode alternativ for korleis ein kunne spisse eller omformulere ”ugrasdelen” av ordninga slik at den vart meir miljøretta. Samtidig meinte ein at ordninga totalt sett ville verte svekka dersom ”ugrasdelen” av ordninga vart tatt ut. Noko av føremålet med tilskotsordninga når denne vart oppretta var at ein skulle gi ein stimulans til dei som gjorde ein ekstra innsats for å ivareta dei elementa, ugras og avfall, som ofte verkar skjemma i kulturlandskapet.

Eit argument er også at vi opplever ein stadig auke i søknader til dei fleste andre ordningane i Regionalt miljøprogram. Dette har ført til at vi måtte redusere tilskotsatsen for enkelte ordningar noko. Dersom vi tek ut tilskotsordninga ”Tilskot til ugraskontroll og velstelte bruk”, vil dette gjere at vi kan behalde tilskotssatsen for dei andre ordningane meir stabile.

Samstundes med at tilskotsordninga vert tatt ut, ynskjer styringsgruppa for arbeid med Regionalt miljøprogram i Rogaland å presisere at arbeid med ugraskontroll og handsaming av avfall er viktige tema også i framtida. Fylkesmannen har saman med Bondelaget, Forsøksringen, Statens Vegvesen og representantar frå to kommunar nyleg starta opp ei satsing for å setje fokus på ugrasproblematikken. Arbeidet er retta mot ugrasutfordringar både på jordbruksareal og i kantsoner og anna restareal langs vegar, parkeringsplassar m.m. Noko av hovudføremålet med satsinga er at dei ulike eigarane, Statens Vegvesen, kommunar og bøndene samarbeider om ugraskampen.

Heile miljøprogrammet kan ein finne på nettsida www.fylkesmannen.no/miljoprogramro
Søknadsskjema med rettleiingshefte vil bli sendt ut i siste halvdel av august. Søknadsfrist for dei fleste ordningane er 1. oktober.

Styringsgruppa for arbeid med Regionalt miljøprogram i Rogaland